

På museum

Valdresmusea sine undervisingstilbod i 2020



Ein tidstjuv?

Stadig oftare høyrer vi at kulturutøvarar er tidstjuvar i skulekvardagen. Kulturen stel undervisingstid, blir det sagt. Men det er vel ikkje skulefaga åleine som skal ruste ungane for framtida. For verda er overalt og i ein krevjande kvardag skal barn og unge finne sin plass. Dei ytre påkjenningane er mange, på skulen, i heimen, i den digitale verda, kvar dag, kvar time, kvar sekund. Det er ikkje alltid enkelt å vite korleis ein skal manøvrere mellom sterke krefter av alle slag.

Liva i Valdres er ikkje lausrive frå verda ikring. Det har dei aldri vore. Men verda bankar litt hardare på dørene no enn kva dei gjorde før i tida. Då er det greitt å møte menneske med kunnskap om det som skil – og det som foreinar. Skal vi sikre sameksistens med folk av alle slag, må vi forstå korleis verda heng saman. Då er kunnskap om mat, klede, song og musikk like viktig som dei tradisjonelle skulefaga.

Ta i bruk undervisingopplegga ved Valdresmusea!

Venleg helsing

Ole Aastad Bråten

Direktør

Til læraren

Alle grupper som deltek i undervisingstilbodet, skal ha med seg ein vaksen, og det er læraren som har ansvaret for gruppa. Ved museet ønsker vi å gi dei unge gode opplevelingar. Erfaringa vår er at dei som er godt førebudd, dei lærer mest. Snakk med borna før de kjem; kva er eit museum, korleis oppfører ein seg og kva skal skje under besøket? Meld frå i god tid om de har særskilde behov. Vi gler oss til å sjå dykk!

Venleg helsing

One Enerud

Ansvarleg for skuleopplegga til Valdresmusea

Tlf.: 61 35 99 00

E-post: info@valdres.museum.no





Samanhengen mellom natur, levesett og kosthald er hovudtemaet for programmet «Mat i fortid og framtid». Garden Kvie er eit godt utgangspunkt for å lære meir om gamle mattradisjonar. I «Mat i fortid og framtid» gjer vi ei tidsreise 100 år tilbake i tid. Her er hus, reiskap, åker og eng om lag som i 1919. Elevane blir delt inn i grupper som rullerer mellom seks ulike postar.

1 Mat i fortid og framtid

Måltida i gamledagar

Måltida var styrd av rytmen av ein arbeidsdag. *Fyrste* måltidet vart kalla ferebisk. Dette var kaffi, lams eller brødskive med smør, sirup, brim og stundom syltetøy. Bisk var det *andre* måltidet om dagen. Dette kunne vera vassvelling, mjølkhevelling, havrevelling eller graut med brim eller surost. Flatbrød, potet og spekekjøt høyrde alltid med. *Tredje* måltidet om dagen var dugurd (kring kl. 12.00). Dette var vassgraut med surmjølk eller søtmjølk. *Mellommåltidet* etter dugurd kunne vera kaffi og lams. Ved 16.00-tida var det non. Om sumaren var dette helst spekemat, kokt eller steikt flesk, kurv, søll og kokt potet. I regnvêr og på kalde dagar var det vanleg med matgjerd (suppe av salt kjøt, erter, kål og gryn). Til kvelds (20.00) åt ein gjerne vassgraut med surmjølk eller surbrim, nykokte potetar med sur mjølk eller smør.

Program

Aktivitetar på seks postar, 30 minutt på kvar post. Bisk klokka 11.15–12.00. Då får elevane servert vassvelling, havresuppe med brunost, smør eller sukker, kokte potetar, forskjellige ostar, flatbrød, surmjølk og søtmjølk. Programmet i 2020 er slik:

- Potetgraving på Kvie
- Skjering og binding av korn på Kvie
- Kornmaling på stølen
- Kvikakesteiking i hovudbygningen på Kvie
- Lompebaking i Dalestogo
- Om urter og nyttevekstar i urtehagen på Kvie





«Mat i fortid og framtid» blir arrangert desse dagane i 2020:

Tysdag 8. september klokka 09.30-14.00

Onsdag 9. september klokka 09.30-14.00

Torsdag 10. september klokka 09.30-14.00

Lengde: Heildagsopplegg. I tillegg kjem reise og matpause

Klassetrinn: 6. og 7. klasse. Maks 30 elevar per gruppe

Utstyr og klede: Museumsfolket stiller i tidsriktige klede. Vi oppmodar elevar om å gjere det same

Før og etter: Påmeldte skuleklasser får tilsendt undervisingsheftet «Mat i fortid og framtid»

Pris: Kr 100 per elev (inklusiv mat)

Påmeldingsfrist: Fredag 28. august





«Næmingen gik seg aat Berge ind, Alt dit som Ilden monne skinne. Der inne saa sad den fagraste Jørg, Aa rørde i Elden mæ Naso. Næmingen unge han kunde vel paa Skio renne»

2 Næmingen unge

Næmingen er ute på ski og jaktar då han møter ei gygra (troll). Han seier at han har komme for å fri til henne, og gygra dreg glad av stad for å invitere gjestene til bryllaupet. Men, Næmingen er ein luring og vil slettes ikkje gifte seg med trollkjerringa. I staden tek han med seg kjærasten sin som sit fanga inne i berget. I tillegg til kjærasten, tek han med sølv og gull. Gygra ser etter dei, men døyr då sola står opp.

Program

Næmingen er eit rollespel der ungane er riddarspirer med oppgåve å redde Næmingen og jenta, og hjelpe Næmingen å stele skatten frå gygra. Næmingen har lagt att eit brev med leietrådar som ungane må løyse for å klarer oppgåva. Underveis lærer ungane historier om livet i nokon av husa på museet.

Klassetrinn: 1. og 2. klasse. Maks 30 elevar per gruppe

Lengde: Opplegget varer cirka 1,5 time

Pris: Kr 50 per unge





Valdres Folkemuseum er den finaste leikeplassen i heile Valdres. Her har ungar leika i over 100 år og kvar sumar kjem dei tilbake. Det er mykje å undre seg over på museet. Ein tenkjer på korleis dei hadde det, dei som budde i dei gamle husa. Ja, tenk at folk budde her. Ikkje hadde dei vask og ikkje hadde dei do.

3 Barnas dag

Sjølv om mykje har endra seg på 100 år, er det ikkje sikkert ungar før i tida var så ulike oss. Nokre arbeidde meir enn andre, dagar var gode og dagar var mindre gode. Mange svalt, andre fekk mat fleire gonger om dagen. Nokre måtte vera med i hardt arbeid frå dei var ganske små. Ferie og fritid var ukjend for dei fleste, men ungar leika før òg. På Barnas dag får ungane leike og kose seg, og dei får eta nysteikte lappar.

Aktivitetar

- Førskule i Høyne
- Hallingdans i festsalen
- Lappesteiking i Dalestogo og Flatigarden
- Fôrhopping i låven på Kvie-tunet
- Pil og bøge-verkstad på Slidrehuset

Program

- 10.00–11.30: Aktivitetar på postane
11.30–12.15: Matpause på museumspllassen
12.15–13.45: Aktivitetar på postar
13.45: Avslutning på museumspllassen

Tidspunkt: Tysdag 14. mai

Alderstrinn: Fire- og femåringar

Utstyr og klede: Gode klede og sko. Ta med niste. Valdresmusea serverer ferske lappar og saft

Pris: Kr 100 per unge

Påmeldingsfrist: Fredag 26. april





Menneska i Valdres tok til med utvinning av myrjern for over 1500 år sidan. Jernet frå Valdres var kjent over heile landet. I bytte mot jern fekk ein fisk og salt. Jernutvinninga var særleg stor i mellomalderen. Mange stader held ein på med jernutvinning til tidleg 1800-talet.

4 Smi deg ein dings

Kva er jern? Kven var den fyrste smeden? Kva vart jernet brukt til og kva har utvinninga av jern hatt å seie for folk i Valdres? «Smi deg ein dings» inviterer skuleelevar til møte med ein ekte smed. Elevane får sjølve prøve hammaren og dei får lære korleis jern blir til.

Aktivitetar på Valdres Folkemuseum, 4. og 7. klasse

- På stølsområdet ser vi etter spor av jern og jernutvinning, i landskapet
- I Kvie-tunet går vi på leit etter jern – på dører, reiskap, skåp og køyretøy
- I Lome-smia formar vi enkle gjenstandar som hekter og spiker

Tidspunkt

Onsdag 16. september klokka 10.00-13.00

Torsdag 17. september klokka 10.00-13.00

Lengde: 3 timer. I tillegg kjem reise og matpause


Klassetrinn: 4. og 7. Klasse. Maks 30 personar per gruppe

Utstyr og klede: Gode klede og sko

Pris: Kr 100 per elev

Påmeldingsfrist: Fredag 28. august





5 Rite runer

Gardbergfeltet er eit av dei viktigaste gravfeltet i Noreg. Her er meir enn 900 funn frå romersk jernalder (cirka 300 e.Kr.) og vikingtid (cirka 900 e.Kr.). 600 gravrøyser er registrerte i feltet. Her er også ein gammal skålgrøstein med 70 skålgrøper, kanskje frå bronsealderen. Einangsteinen frå cirka 300 e.Kr. er den eldste runesteinen i Nord-Europa som enno står på sin opphavlege plass. På steinen står det: «Ek Godagastir runo faihido», som tyder «Eg Gudgjest rita runene».

Omvisinga startar i felt A med Einangsteinen, gravrøyser og kolgrop i jernalderlandskap. Omvisinga held fram i felt B. Her er gravrøyser, hustuft frå 1600-talet og ein skålgrøstein.

Praktiske oppgåver

- Elevane får innføring i runealfabetet og får skrive sine eigne runer
- Ofring ved skålgrøsteinen

Tid på året og lengde på programmet

Opplegget kan tingast så lenge det er bart. Rundturen tek 1 ½ time. I tillegg kjem reise og matpause.

Klassetrinn: 3.–7. klasse

Utstyr og klede: Varme klede og gode sko. Etter omvisinga blir det tid til nistemat

Pris: Kr 50 per elev. Maks 50 personar per gruppe





6 Andre verdskrigen i Valdres

Krigshandlingane i Valdres i 1940–1945 er ein viktig del av den nasjonale historia vår. På museet på Bagn er det ei flott utstilling om kampane i Bagn, og på Bagnsbergatn står husa slik dei gjorde i 1940.

Elevane kan velje mellom to undervisingsopplegg

A) Omvising i krigsminneutstillinga på Bagn Bygdesamling. Her får elevane sjå både sivile og militære effektar frå krigen. Vising av filmen «Bagn 1940», som fortel om hendingane på Bagnsbergatn i april 1940. Elevane får òg sjå kvar i nærområdet til museet kampane gjekk føre seg.

Lengde: Cirka 1,5 timer, inklusiv matpause

Klassetrinn: Opplegget passar best for elevar i 8.–10. klasse

Pris: Kr 50 per elev

B) Besøk på Bagnsbergatn med omvising i husa. Elevane får høre om dramatikken som utspant seg her under krigen. Garden ligg 5 km opp for Bagn sentrum. Hit kjem du med buss eller ved gå opp frå Gråbeinhølet nord for Bagn sentrum. Turen tek frå Bagn sentrum tek cirka ein halv time.

Lengde: 3 timer, inklusiv matpause

Klassetrinn: Opplegget passar best for elevar i 8.–10. klasse

Pris: Kr 70 per elev





7 Ein skuledag for 60 år sidan

I 1966 overtok Bagn Bygdesamling gamle Dølven skule. I første etasjen er det samla skulemateriell frå omgangsskuletida og fram til sentraliseringa av skulen i 1966. Gjenstandane kjem frå fleire skular i Sør-Aurdal og gjev eit godt bilet av utviklinga innan skuleverket gjennom hundre år. I andre høgda står lærarbustaden slik som då den siste læraren, Ingvar Koppervik, flytte ut frå skulen. Leikeplassen ligg der som før og utedoane står der dei alltid har gjort. Alt dette skapar eit bilet av skulen var før i tida.

Praktiske oppgåver

Elevane blir inndelte i grupper som rullerer mellom tre postar, 30 minutt på kvar post:

- Elevane får delta i ein skuletime der undervisinga går føre seg slik den gjorde for 60 år sidan
- Elevane får omvising i lærarbustaden i andre høgda
- Elevane leikar gamle barneleikar på skuleplassen

Lengde: Cirka 2,5 timer, inklusiv matpause. I tillegg kjem reise

Klassetrinn: Opplegget passar best for elevar i 1.–7. klasse

Pris: Kr 50 per elev

